

Fra: Nils Molvik <nilsmolvik@gmail.com>
Sendt: fredag 21. januar 2022 21:45
Til: Line Merete Valle; Postmottak Alver
Emne: Re: Bjørsvik Båtlag

Hei Line Merete.

Som du kjenner til har det no gått 2 år sidan første mailen vart sendt til deg 31/1 - 2020 ,med fleire purringar utover året. Det einaste svaret vi har fått frå deg er av 30 nov.2020, men svar på spørsmåla våre fekk vi ikkje.

Kan du ta deg tid til å lese igjennom alle mailane og gje oss svar, eller sørgje for at den som sit på sakene gir oss svar??

Både Bjørsvik Båtlag og Bjørsvik Bygdelag har ynskje om å få til noko i Bjørsvik , men admin. i Alver kommune synes ikkje vera i stand til, eller villige til, å gje oss svar.

Kva er grunnen til det??

Mvh. Nils M. Molvik
leiar i Bjørsvik Båtlag.

man. 30. nov. 2020 kl. 13:18 skrev Line Merete Valle <line.valle@alver.kommune.no>:

Hei Nils!

Eg beklagar at dette ikkje har blitt svart ut skikkeleg. Eg skal undersøke og har sendt spm vidare. Eg gjev dykk rask tilbakemelding på status og sakshandsamar hjå vegavdelinga.

Line

Fra: Nils Molvik <nilsmolvik@gmail.com>
Sendt: lørdag 28. november 2020 11:38
Til: Line Merete Valle <line.valle@alver.kommune.no>
Emne: Bjørsvik Båtlag

Hei Line Merete.

Eg viser til mail av 31/1 , 10/2 og 29/9 -2020.

Vi ventar framleis på svar. Du sendte saka over til ein sakshandsamar, skriv du, men opplyser ikkje kven det er.

Eg forstår at du har det travelt, men eg meiner likevel at du burde gje oss navnet på sakshandsamaren slik at vi ikkje treng gå via deg med alle spørsmål.

Håpar du vil ta deg tid til å svara oss, då vi legg ned mykje tid i arbeidet med å få til noko i båthavna og området omkring.

Mvh. Nils M. Molvik
Leiar i Bjørsvik Båtlag.